

Årsrapport 2013



— — —
JÆRMUSEET



- Innhold:**
- Årsmelding frå styret [side 3-8]
 - Museum og vitensenter [side 9]
 - Formidling [side 10-19]
 - Forvaltning av samlingane [side 20-21]
 - Forsking og kunnskapsutvikling [side 22-23]
 - Nye prosjekt [side 24]
 - Resultatrekneskap [side 25-32]
 - Revisjonsberetning [side 33-34]

ÅRSMELDING FRÅ STYRET

Omtale av verksemda

Stiftinga Jærmuseet er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Det er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærø i Hå kommune, og driv i dag ulike museumsanlegg i alle dei sju stiftarkommunane.

Overordna mål – møtestad mellom natur, kultur og teknologi

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forsking og formidling. Jærmuseet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi, og me inviterer publikum til å utforska kunnskap gjennom aktivitetar og opplevingar. Museet skal særleg stimulera barn og unge si nysgjerrigkeit, utforskartecknologi og samfunnsengasjement og auka interessa for teknologi og naturvitenskap. Museet skal fremja lokal identitet og forankring, og samtidig oppmoda til "vidsyn og tvisyn", til interkulturell dialog og internasjonal orientering.

Hovudresultatet i 2013

2013 har vore eit nytt, godt driftsår for Jærmuseet. Me kan gle oss over viktige framsteg og gode resultat på fleire område.

- 2013 var nok eit år med publikumsrekord. Tilsaman

181.655 gjester, nesten 7000 fleire enn i fjor, besøkte anlegga våre i 2013.

- Av dette var 43.350, eller 24 %, barn og unge i organisert undervisning.

- Science Circus nådde ut til heile 14.510 personar, inkludert om lag 8000 på Landsspeidarleiren på Madla.
- Det blei produsert to store, nye utstillingar på Vitenfabrikken.

- 14. juni kunne fylkesordførar Janne Johnsen opna «100 % energi».

Dette er første del av tre utstillingar med tema «Energi og miljø», støtta av Statoil. Dei neste to utstillingane opnar på Vitengarden og Vitenfabrikken i 2014.

- 12. desember opna stortingsrepresentant Torstein Tvedt Solberg utstillinga «Det ska svara seg»; ei utstilling om verdiskaping i vår region, produsert med økonomisk bidrag frå SkagenFondene AS.

• På Vitengarden var det kongeleg besøk 7. november då H.K.H. Kronprins Haakon var med på opninga av utstillinga «Kongelege kjøretøy 1905-1945. Frå Berliner til Buick».

• I samband med hundreårs-jubileet for kvinners stemmerett laga Jærmuseet fleire temporære utstillingar og arrangement.

- 14. april opna dei to jærordførarane, Olaug V. Bollestad frå Gjesdal og Ane Mari Braut Nese frå Klepp, jubileumsutstillinga «Så gjør vi så – klesvask i 100 år»,



Dei to nasjonale prosjekt-leiarane for «Den kongelige reise», Anne Qvale t.v. og Anniken Thue (t.h.) assisterte H.K.H. Kronprins Haakon under opninga av «Kongelige kjøretøy 1905-1945». Prosjektleiar Sissel Gutormsen frå Museene i Sør-Trøndelag (t.v.) applauderer saman med fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa og museumsdirektør Målfrid Snørteland.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet.

på Vitengarden. Utstillinga blei flytta til Haugabakka i Klepp på haustparten, der Ane Marie Braut Nese igjen var utstillingsopnar.

- Vitenfabrikken markerte stemmerettsjubileet med ei plakatutstiling i kafeen om kvinnekjøpene Elise Ottesen Jensen.

- På Garborgsenteret opna utstillinga «Likestillingslandet Norge» på kvinnedagen 8. mars. Utstillinga var del av «Kvinner i hundre», eit fellesarrangement med Time bibliotek.

- I høve Stemmerettsjubileet blei det halde eit debattmøte for 200 førstegongsveljarar på Garborgsenteret 2. september; tiltaket var støtta av Kommunal- og regionaldepartementet.

- Årboka «Sjå Jæren» 2013 presenterte portrettintervju med 20 Sandneskvinner.

- På fleire av anlegga blei det arrangert eksperienteverker og ferieklubar for skulebarn i sommarferien.
- I alt blei det gjennomført 84 aktivitetsdagar og opne publikumsarrangement på museet sine ulike anlegg.
- Hausten 2013 starta Sandnes kommune opp arbeidet med planlegging og prosjektering av Solaveien 10, byggesteg to av Vitenfabrikken. Prosjektet blir finansiert med tilskot frå Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune og Sandnes kommune. Kommunen er byggherre og byggeigar.
- Vinteren og våren 2013 blei det gjennomført ein arkitektkonkurranse for nytt administrasjons- og barnehagebygg på Vitengarden. Dette er eit samarbeid mellom Hå kommune og Jærmuseet. Vinnar blei prosjektet «Vitentunet» av arkitektfirmaet Helen og Hard.
- Planane for eit nytt maritimt vitensenter i Tungevågen tok eit steg framover då Randaberg kommune fekk løyst inn området til museumsføremål. Det blei sett ned ei styringsgruppe med representantar frå Randaberg kommune, Rogaland fylkeskommune, Kystverket Vest og Jærmuseet.

Time bibliotek blei kåra til Årets bibliotek 2013! Samarbeidet med Garborgsenteret og kafé Garborgstova var eitt av hovudargumenta for at Time Bibliotek fekk denne gjeve prisen.

F. v.: Gunhild Hammeraas (Garborgsenteret), Oddny Torvanger Heggen (Time bibliotek), Anne Lise Brådland (Time bibliotek) og Plamena Valentin (Garborgstova)

Foto: Ørjan Johansen, Jærmuseet.

- Eit hovudmål for konsolideringa av musea i Sola har vore å utvikla eit større museumsprosjekt i Sømmevågen. Hausten 2013 kjøpte Sola kommune store delar av Forvaret sine areal i Sømmevågen, inkludert ein verkstadbygning frå 2. verdskriga, noko som legg til rette for å flytta RKM si utstilling frå Somaleiren til Sømmevågen.
- Som del av utstillinga «Det ska svara seg» har museet laga ein kortfilm som dokumenterer arbeidet med produktutvikling og produksjon av nytt servise i bedrifta Figgjo AS: «Figgjo FELT» og «PISA».
- 14. mars 2013 lanserte Jærmuseet sitt første digitale dokumentarkiv; ei nettside som presenterer vareutvalet til Kvernelands Fabrikk frå 1886 til 1990-talet i form av 319 prislister og katalogar.
- Hausten 2013 tildelte Rogaland fylkeskommune Jærmuseet drifts- og arbeidsgjevaransvaret for «Samlingsteam Rogaland» som i perioden 2014-2016 skal gå gjennom og vurdera tilstand og tiltak for samlingane på dei ulike regionmusea i fylket.
- Time bibliotek har blitt kåra til Årets bibliotek 2013! Samarbeidet med Garborgsenteret og kafé Garborgstova var eitt av hovudargumenta for at Time Bibliotek fekk den gjevaste prisen eit bibliotek kan få.
- Jærmuseet har eit godt samarbeid med private verksemder i regionen. Heile 13 bedrifter har i løpet av 2013 bidrege med prosjekt- eller driftsstøtte på tilsaman 6.852.500 kroner. Storparten av desse midlane har gått til Vitenfabrikken.
- Eigeninntektene frå sal, billettar og arrangement viser god stigning, og har auka med 8,4 % når ein ser vekk frå tilskot og gåver/sponsorinntekter.

Styret vil takka alle som med økonomiske tilskot og gåver, og på andre måtar, har bidrege til å realisera Jærmuseet sine mål!



100% Energi er første del av totalt 3 utstillingar i utstillingsprosjektet «Energi og Miljø». Utstillinga vart opna i juni av fylkesordførar Janne Johnsen.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet.



Avdelingar og anlegg

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2013 driftsansvaret for 59 kulturhistoriske bygningar, 46.366 gjenstandar og 155.360 foto, noko som gir ein tilvekst på 2.288 gjenstandar og 96 foto. 1.700 gjenstandar er i FMS og RKM, dvs. ikkje nyinnsamling, men samlingar me fekk ansvaret for i 2012.

Stiftinga Jærmuseet eig anlegget Vitengarden med Kvigarden og Audamotland, og hadde per 31.12.2013 driftsansvaret for desse avdelingane og anlegga:

- **Vitengarden**, Nærø, med museumsgarden Kvia 4H gard og den historiske garden Audamotland.
- **Vitenfabrikken**, Sandnes, med Krossens havremølle, det historiske tunet Austrått/Thranegården, snikkarverkstaden på Vagle, og fleire kvernhus og andre antikvariske bygningar i Sandnes kommune.
- **Science Circus** er Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter som oppsøker skular i Rogaland og Agderfylka.
- **Vitengarden**, Vitenfabrikken og Science Circus utgjer til saman det regionale vitensenteret for Sørvestlandet ("Sørvestnorsk vitensenter").
- **Hå bygdemuseum** med gjenstandssamling, Varden Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødal og andre antikvariske bygningar i Hå kommune.
- **Gjesdal bygdemuseum** med samlingar, Limagarden

bygdetun, Gjesdal Ljåfabrikk og andre antikvariske bygningar i Gjesdal kommune.

- **Klepp bygdemuseum** med samlingar og to antikvariske bygningar på Haugabakka i Klepp kommune.
- **Randaberg bygdemuseum** sine foto- og gjenstandssamlingar og Vistnestunet.
- **Tungeles fyr**, inkludert Sjøbruksmuseet i Tungevågen, som og er ein del av Kystverkmusea /etatsmuseet for Kystverket.
- **Nasjonalt Garborgsenter** på Bryne, samlokalisert med Time bibliotek.
- Forfattarheimane **Garborgheimen** og **Knudaheio**.
- **Flyhistorisk Museum Sola**, lokalisert i Sømmevågen, Sola.
- **Rogaland Krigshistoriske Museum**, Soma.
- Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard til museumsstatistikken. HGP mottar årleg 1 mill. kroner frå staten gjennom Jærmuseet.

Museet legg vekt på å ha ei aktiv forvaltning av bygningar og anlegg i alle stiftarkommunane, og vil styrke den lokale forankringa gjennom aktiv nettverksbygging til vertskommunar, lokalt og regionalt næringsliv, organisasjonar, skular og lokalbefolkinga. Museet skal driva aktiv formidling ut frå det enkelte anlegg sine ressursar og særlege profil, og arbeida for å utvikla dei ulike lokalitetane sin unike karakter.



På Vistnestunet vart det arrangert trøskjedagar i september, der vindmaskinen frå slutten av 1800-talet vart demonstrert.

Foto: Jærmuseet.



I vakkert seinsommarver arrangerte Jærmuseet personaltur for alle tilsette til Ørsdalen i Bjerkreim.

Foto: Elisebet Rugland, Jærmuseet

Organisasjon

Pr. 31.12.2013 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

Styret

Arne Norheim, styreleiar
Inglen Haugland
Tone Brandtzæg
Espen Aaserud Karlsen
Mons Skrettingland, nestleiar
Ane Mari Braut Nese
Bjørn Kahrs
Stanley Wirak
Per Inge Ruud
Staale Grude Haaland
Ingeborg Nærland Skjærpe

Vara:

Torleiv Bilstad
Halvard Ween
Lisbeth Vikse
Margunn Nedrebø
Sveinung Lode
Torunn Austdal Rasmussen
Jarle Bø
Annelin Tangen
Preben Inge Jørgensen
Brigt Åge Høyland
Gunhild Hammeraas



Under sommaravslutninga på Vitenfabrikken var alle tilsette med på Energikampen. Her er formidlingsleiar Anne Torunn Braut i ferd med å blåsa ein bordtennisball gjennom ein rockering, i konkurransen «Blowing in the wind».


Foto: Jærmuseet.

To staute jærordførarar, Ane Mari Braut Nese, Klepp (t.v) og Olaug Bollestad, Gjesdal, stod for opninga av vaskemaskinutstillinga på Vitengarden 14. april. Utstillinga er av øg ledd i markeringa av stemmerettsjubileet 2013.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet.



Utførde årsverk fordelt på dei ulike avdelingane i 2013



AVDELINGAR	2011	%	2012	%	2013	%
Felles	7,1	12,0	6,0	10,0	7,3	12,0
Vitengarden	16,8	29,0	16,7	27,0	14,6	24,0
Vitenfabrikken	21,8	38,0	23,6	38,0	25,2	41,0
Garborgsenteret	3,1	5,0	4,7	8,0	5,1	8,0
Tungenes fyr	2,0	3,0	2,1	3,0	1,9	3,0
Hå bygdemuseum	2,0	3,0	1,8	3,0	1,6	3,0
Gjesdal bygdemuseum	1,6	3,0	1,4	2,0	1,3	2,0
Klepp bygdemuseum	0,8	1,0	0,5	1,0	0,4	1,0
Randaberg bygdemuseum	1,2	2,0	1,5	2,0	1,3	2,0
FMS og RKM	0,7	1,0	2,1	3,0	2,2	4,0
Science Circus	0,9	2,0	1,0	2,0	0,9	2,0
SUM (med fråverstimar)	57,7	100	61,3	100	61,8	100

Besøk

Jærmuseet hadde i 2013 eit samla gjestetal for eigne anlegg på 181.450, fordelt på 13 ulike publikumsarenaer og det omreisande realfagstilbodet Science Circus.

Årsverk

Jærmuseet har i 2013 hatt tilsett ca 61,8 årsverk inkl. vertar og ekstrahjelp. I gjennomsnitt mottok 117 personar regelmessig løn frå Jærmuseet i løpet av året, medan det blei sendt ut i alt 194 løns- og trekkoppgåver. Gjennomsnittsalderen er 36,1 år for tilsette som er innmelde i pensjonsordninga til Jærmuseet, inkludert vertar.

Likestilling

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette; av dei 54 faste tilsette og vikarar er 36 kvinner og 18 menn. Omrekna til årsverk er det 32,6 årsverk kvinner og 16,6 årsverk menn. Direktør, nestleiar og to avdelingsleiarar er kvinner, tre avdelingsleiarar er menn. Styret består av fire kvinner og sju menn, inkludert styreleiar.

Arbeidsmiljø

Jærmuseet er IA-bedrift frå 2011. I 2013 har me hatt inne 6 personar i arbeidspraksis gjennom NAV. Me har hatt

avtalen med Nav om arbeidspraksis i totalt 12 månader i 2013 og det er utført om lag 0,76 årsverk gjennom ordninga. Samla sjukefråvær er om lag 2,4 årsverk, dvs. 3,9 %. I tillegg var det 1,7 årsverk i foreldrepermisjon. Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir vurdert som godt. Intern undersøking blant dei tilsette i 2013 stadfesta det.

Ytre miljø

Drifta av Jærmuseet ureinar ikkje det ytre miljøet.


Planar vedtatt av styret

Jærmuseet har eigne handlingsplanar for ulike arbeidsområde: Formidlingsplan for Jærmuseet 2012-2014, formidlingsplan for barn og unge, innsamlingsplan, samlingsplan og forskingsplan.

Lov om diskriminering og tilgjenge

Alle tiltak/planar blir vurdert ut frå prinsippet om universell utforming. Følgjekort blir akseptert på alle avdelingane.


Fordeling av årsverk på arbeidsområde



Arbeidsoppgåver innan	2011	%	2012	%	2013	%
ADMINISTRASJON	14,4	25,9	14,0	24,1	14,6	25,4
DRIFT AV BYGG OG KAFE	14,0	25,2	13,9	23,9	15,2	26,3
FORMIDLING	17,7	31,8	19,2	33,1	18,7	32,5
NYE UTSTILLINGAR	4,1	7,3	5,3	9,2	6,1	10,5
SAMLINGAR OG ANTIKVARISKE HUS	5,4	9,7	5,6	9,6	3,1	5,4
Fråver	2,2		3,3		4,1	
SUM	55,5	100,0	58,0	100,0	57,7	100,0

Fordeling av inntekter 2013

Sponsormidlar og prosjektmidla gjeld berre brukte midlar i 2013. For mottekne midlar i 2013 sjå årsrekneskapen, note 3.



Økonomi og administrasjon

Bidrag frå private

Jærmuseet er eitt av dei musea i landet som har fått mest gåver og sponsormiddel frå private verksemder i løpet av dei siste åra. Heile 13 bedrifter har i 2013 bidrege med prosjekt- eller driftsstøtte på kr 6.852.500, mot kr 7.883.936 i 2012. Storparten av desse midlane har gått til Vitenfabrikken. Jærmuseet har eigen etisk plattform som ligg ved alle sponsoravtalar.

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Jærmuseet har hatt ein auke i eigne inntekter frå sal/billettar og arrangement på 8,4 % når ein ser vekk frå tilskot og gåver/sponsorinntekter.

Kostnadene har også auka med 8,4 %. Personalkostnaden har auka med nesten 7,7 % inkludert endring som følgje av fleire årsverk. Pensjonskostnadene utgjer 11,6% av total personalkost. Me hadde i 2013 store kostnader i samband med nye utstillingar. Det er bygd 2 nye store permanente utstillingar på Vitenfabrikken, laga ei større temporær utstilling i eigen regi, og tatt i mot og lagt til rette for ei stor vandreutstilling på Vitengarden. I tillegg kjem andre mindre utstillingar.

Jærmuseet nyt godt av ein god bankavtale forhandla fram av Hå kommune. Dette gir oss veldig gode renteinntekter i løpet av året, og nær halve overskotet i 2013 skuldast renteinntekter.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rett bilet av stiftinga sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Nærbø, 20.02.2014

Arne Norheim
Styrelseiar

Mons Skrettingland
Nestleiar

Målfrid Snørteland
Direktør

Tone Brandtzæg
Bjørn Kahrs
Per Inge Ruud

Inglen Haugland
Espen Aaserud Karlsen
Ingeborg Nærland Skjærpe

Staale Grude Haaland
Ane Mari Braut Nese
Stanley Wirak



I 2013 var marknadsansvarlege frå dei regionale vitensentera samla på Jæren. Her er dei fotografert utanfor Vitengarden.

Frå venstre: Ramona H. Zachariassen (Inspiria), Marianne Lid Iversen (ViVite), Harald Halvorsen (Vitensenteret Sørlandet), Elin Ravndal Bell (Jærmuseet), Stine Ferguson (Inspiria), Anne Tove Koldal (ViVite), Kine Wangerud (Vitensenteret Sørlandet), Cathrine Strøm Nøstvold (ViVite), Ellen-May Indahl (Nordnorsk Vitensenter) og Siri Vinje (Norsk Oljemuseum)

Foto: Else Rugaard, Jærmuseet.

MUSEUM OG VITENSENTER

"SØRVESTNORSK VITENSENTER"

Vitensenter skaper realfagsglede i heile landet!

Jærmuseet er både museum og vitensenter. Avdelingane Vitengarden, Vitenfabrikken og Science circus utgjer det regionale vitensenteret "Sørvestnorsk vitensenter". Vitensenteravdelingane Vitenfabrikken og Vitengarden er også dei største avdelingane i Jærmuseet, både når det gjeld årsverk, budsjett, eigeninntekter og besøkstal. Frå 2014 har Vitensenteret Sørlandet fått status som regionalt vitensenter for Agderfylka, og det er nå ni regionale vitensentra i Norge. Jærmuseet v/Science Circus vil framover arbeida for å styrke tilbodet til heile Rogaland. Men i 2014 har me framleis ein del avtalar med skular i Vest-Agder gjennom Den kulturelle skulesekken.

Vitensenteravdelingane våre hadde tilsaman over 130 000 besøkande i 2013, eller over 70 % av det samla gjestetalet vårt. Jærmuseet er med dette det vitensenteret med størst besøk utanom Teknisk museum i Oslo.

Dei regionale vitensentera mottar årlege driftstilskot frå Kunnskapsdepartementet via Norges Forskningsråd. Midlane blir fordelt av eit eige vitenstyre, og Jærmuseet fekk i 2013 auka driftstilskotet frå Kunnskapsdepartementet til 4,95 mill. kr.

Den nye regjeringa sitt budsjett for 2014 auka tilskotet til dei regionale vitensentera med 3 mill. kroner. Dette kom også Jærmuseet til gode slik at vårt tilskot for 2014 er 5,3 mill.

Dei statlege tilskota frå Kulturdepartementet innfrir likevel ikkje målet om at desse midlane i snitt bør utgjera om lag 1/3 av dei samla inntektene til vitensentera, og institusjonane samarbeider nå om å få til eit større løft på statsbudsjettet for 2015.

Vitenstyret besøkte både Vitengarden og Vitenfabrikken våren 2013, og gav gode tilbakemeldingar på utstillingar og drift.



<-

Koss lagar ein lyd gjennom stemmebåndet? "Inni er me like! Sjå kor lik du er grisen" var eitt av tilboda på Vitengarden i vinterferien. Prima Jæren bidrog med organ frå grisar slik at både barn og vaksne fekk ei unik biologiundervising.

Foto: Jærmuseet

->

Elevar ved Byfjord skole fekk besøk av Science Circus og lærte å laga LED-lys. Foto: Jærmuseet.

Foto: Jærmuseet



FORMIDLING

«Jærmuseet formidlar kunnskap gjennom oppleving, deltaking og utforsking»

Faste utstillingar og nye utstillingsprosjekt
Jærmuseet opna to større nye utstillingar på Vitenfabrikken i 2013.

«**100 % energi**» skal gi publikum ei grunnleggande forståing for «kva er energi?». Energi kan berre utnyttast når den går frå ei form til ei anna; den kan verken oppstå eller forsvinna. Energiutstillinga er bygd opp kring ti nye installasjonar som demonstrerer ulike energiformer - for eksempel dampmaskinen, solceller, vasskraft, bølgekraft, muskelkraft. Nokre av installasjonane tar utgangspunkt i lokale ressursar på Vitenfabrikken; m.a. kan du nå lada mobilen din ved hjelp av takvatn (viss det regnar). Den mest spektakulære installasjonen er likevel Tesla-coilen som er den einaste i sitt slag i Nord-Europa. Her kan publikum fanga lysbuar på 500 000 volt. Nikola Tesla er ofte blitt kalla for mannen som «fann opp» det 20. hundreåret. Nokre av oppfinningane hans var blant anna vekselstrøm, induksjonsmotoren og radio. I tilknytting til utstillinga er det også utvikla eit eige energishow.

I august 2014 opnar del II av prosjektet på Vitengarden med ei utandørs energiutstilling som presenterer dei ulike energiressursane i regionen. Seinare på hausten opnar delprosjekt III på Vitenfabrikken med arbeidstittelen «**Framtidsbyer**».

«**Det ska svara seg**» presenterer tema med bakgrunn i Sandnes og regionen si økonomiske historie gjennom 15 interaktive stasjonar og digital formidling av historisk materiale, film og foto frå handel og industri. Utstillinga har utfordringar til mange aldersgrupper: Dei minste kan handla varer og betala med kroner og øre, medan vidaregåande skular blir utfordra med ein eigen matematikkkonkurranse. Me presenterer gründerar i regionen, og det er stilt ut forbruksvarer produserte av lokal industri.

Nye installasjonar i basisutstillingar

Vitengarden: I utstillinga «...men mat må me har» blei det dette året bygd ein ny installasjon der publikum skal konkurrera med roboten i ostepakking, inspirert av ostepakkeproduksjonen på Tine Meieri i Kviamarka.

Vitenfabrikken: "Lysspillet" er ein ny installasjon som skal



Energisk møte for kulturministeren



↑ Frå Rogalands avis, 20.08.2013.

Foto: Roy Storvik, Rogalands avis.

<- «**Det ska svara seg**» - Koss blir butikkprisen fordelt mellom dei som syr dongeribuksa og dei som eig fabrikken og butikkane, den gong buksa blei sydd i Sandnes og dagens bukse frå Asia? Det er eitt av fleire forbrukstema me tar opp i den nye utstillinga på Vitenfabrikken.

Foto: Ingunn Aase Hovelsrud, Jærmuseet

I høve Stemmerettsjubileet vart det halde eit debattmøte for 200 førstegongsveljarar på Garborgsenteret 2. september. I panelet deltok frå venstre: Hallgeir Langeland (SV), Eirin Sund (Ap), Geir Pollestad (Sp), Tina Bru (H) og Solveig Horne (FrP). Garborgsenteret var òg med i juryen for ein skrivekonkurranse om stemmerett.

Foto: Jærmuseet.



gi publikum ein interessant inngangsport til å forstå lys og lysbryting. Lysspelet er utvikla saman med Exxon Mobil, og fleire andre lokale aktørar.

Tungenes fyr: Nytt akvarium blei prøvd ut i sommarsesongen på Sjøbruksmuseet i Tungevågen.

Temporære utstillinger

Utstillinger i samband med 100 års jubileet for kvinners stemmerett

Jærmuseet innleidda stemmerettsjubileet med ei plakatutstilling i kafeen på Vitenfabrikken om **Elise Ottesen Jensen**, også kjent under signaturen «Ottar». Ho var fødd i Høyland i 1886 og dotter av prost Immanuel Ottesen. Den unge Elise blei knytt til den radikale arbeidarrørsla og for henne blei klassekamp og kvinnekamp to sider av same sak. I tida 1908-14 arbeidde ho som journalist i fleire arbeidaravisar, først i Trondheim og sidan i Bergen. Forholdet til den svenske syndikalisten Alfred Jensen førte henne først til København, sidan til Stockholm. I dag er ho langt betre kjent i Sverige enn i Norge, som grunnleggar av RFSU, Riksförbundet för

sexuell opplysning, Ottargården og for avskaffinga av Abortloven og Prevensjonsloven.

Utstillinga «Så gjør vi så - klesvask i hundre år»

markerte både stemmerettsjubileet og at det var 100 år sidan Brødrene Hetland byrja å produsera vaskemaskinar på Bryne.

I samband med vaskemakinutstillinga hadde ein òg fått låna vandreutstillinga «**Lappete, lusete, fillete – ren...**

Skittentøyets kulturhistorie»

frå Kvinnemuseet på Kongsvinger. «Så gjør vi så - klesvask i hundre år» la vekt på å visa vaskemaskiner produsert på Jæren. Ho synte koss den nye teknologien endra kvardagslivet til kvinnene og frigjorde tid. I oktober blei utstillinga flytta til Haugabakka i Klepp, og i 2014 vil ho bli vist på Vistnestunet Randaberg og Limagarden i Gjesdal.

På Garborgsenteret opna utstillinga «**Likestillingslandet Norge**» på kvinnedagen 8. mars. Dette var ein del av «Kvinner i hundre», eit fellesarrangement med Time bibliotek. Utstillinga var produsert av BLD (Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet)

→ Koss vaska ein klede i gamle dagar?

Gunhild Hammeras demonstrerer vaskestamp og vaskebrett, medan ein av dei yngre gjestene får prøva å bera vatn med vass-sele.

Foto: Jærmuseet

Stemmerettsjubileet:
Journalist, politiker og forfatter Gunilla Thorgren forteller i sin bok "Ottar och kärleken" om:

ELISE OTTESEN JENSEN



Jag drömmar om den dag då alla barn som föds är välkomna - alla män och kvinnor jämlik och sexuellt rätt uttryck för innerlighet, näring och omhet...

Bokcafè

Dato: torsdag 21. februar kl. 19.00

Sted: Vitenfabrikken, Storgata 28, Sandnes
Gratis inngang
Kaféen vil være åpen fra kl. 18.00
Åpen brukk med boksalg
www.vitenfabrikken.no

Elise Ottesen Jensen var ei politisk aktivist og feminist som i sitt arbeid for en radikal reformarbeide som kanskje finnes rett til i teknologi gjenom retten til preventjon, familieplanlegging og abort.



til Stemmerettsjubileet 2013, og blei supplert med eigenproduserte installasjoner og Garborg-relatert stoff. Det blei òg laga undervisingsopplegg til utstillinga, både for ungdomsskulen og vidaregåande skule.

Andre temporære utstillingar

«**Kongelige kjøretøy 1905-1945. Frå Berliner til Buick**». HKH Kronprins Haakon var til stades under opninga på Vitengarden 7. november, saman med fleire representantar frå Det kongelige hoff. Utstillinga viser m.a. kjøretøy, private bilde, filmopptak og gjenstandar - m.a. den staselege Kroningskarenen, «Gallaberliner», frå Kong Haakon og Dronning Mauds kroningsreise i 1906. Med utstillinga følgde og Kong Haakons første bil, ein Minerva frå 1913 som Kongen skaffa seg same år som motorvognlova gjorde det lovleg å køyra bil i Norge, kronprins Olav sin Cadillac-leikebil, fluktbilen frå 1940 - Ford Lincoln Limousine, modell K frå USA og ikkje minst den berømte «fredsbilen», Buick modell 81-C som i 1945 frakta kong Håkon og kronprinsesse Märtha frå Honnørbygga til Slottet 7. juni 1945.

I høve Språkåret 2013 opna utstillinga «**Vårt språk**» på Garborgsenteret 4. oktober. Utstillinga blei produsert i samarbeid med 6. og 7. trinn på Rosseland skule, og tok utgangspunkt i språk elevane møter i kvardagen. M.a. blei ein song av Kaizers Orchestra utgangspunkt for teikneserie, film og brev. Utstillinga blei supplert av ei plakatutstilling frå Nasjonalbiblioteket.

Oppgradering transportabel vitenutstilling

Science Circus har oppgradert si mobile utstilling i 2013. Nytt oppblåsbart planetarium og fire nye installasjoner har blitt kjøpt inn.

Andre formidlingsprosjekt

Det største formidlingsprosjektet til Tungenes fyr i 2013, og som held fram i 2014, er **Kystreise.no**. Egil Harald Grude har skrive manus til prosjektet. Filmavdelingen AS, som held til i Randaberg, skal produsera film med utgangspunkt i Grude sitt manus. Filmproduksjonen startar vinteren 2014. Vitengarden har arbeidd med eit **biogassprosjekt** i fleire år. Prosjektet vil vera eit godt utgangspunkt for å forklara klimaendringar og kva som er muleg å gjera for å redusera utsleppa av CO₂. Jæren er den største husdyrregionen i landet og har eit stort potensial for å produsera slik gass. I 2013 fekk Vitengarden til saman 800.000 kroner, 400.000 frå IVAR IKS og 400.000 frå Norges Forskningsråd, for å utvikla utstilling og formidlingsopplegg om produksjon og bruk av biogass. Vitenfabrikken er med i prosjektet ILQ (Improving Learning Quality) saman med Vågen vgs, Sandnes vgs, Sandnes kulturskole, UIS og Rogaland Fylkeskommune. Ein samarbeider med tilsvarande institusjonar i Bergen Op Zoom i Nederland.

AKTIVITETAR OG ARRANGEMENT

Aktivitetsdagar

I alt er det gjennomført 84 aktivitetsdagar og opne publikumsarrangement på museet sine ulike anlegg i 2013, inkludert vinter- og haustferie. Open dag på **Rogaland Krigshistorisk Museum** i midten av mai samla over over 300 besökande. Spesielt kjøretøysamlinga fekk stor merksemd. Ein av dei best besøkte aktivitetsdagane på Vitengarden dette året var «**Smak av haust**» som blei gjennomført i samarbeid med Vennelaget. Aktivitetane spende frå klypping og slakting av lam, matverkstad for barn og til «epleopptak» der publikum sjølve var med og



I høve Språkåret 2013 opna utstillinga «**Vårt språk**» på Garborgsenteret 4. oktober. Utstillinga vart produsert i samarbeid med 6. og 7. trinn på Rosseland skule, og tok utgangspunkt i språk elevane møter i kvardagen. 6. trinn tok utgangspunkt i ein song av Kaizers Orchestra og laga teikneserie, film og skrev brev med utgangspunkt i denne songen.

Foto: Jærmuseet.

plukka eigne poteter til ein rimeleg pris.

Hjernedagen 2013 var eit samarbeidsprosjekt mellom Vitenfabrikken, Mensa Stavanger, Norges Veterinærhøgskole og TV aksjonen Nasjonalforeningen for Folkehelsa. Fokus var på hjernens fysiske oppbygging og mentale funksjon. I 2013 blei det arrangert aktivitetsdagar på **Knudaheio og Garborgheimen** for første gong. Dragebygging, stylte-konkurranse og bøtteløp til Bakketjødno stod på programmet i Knudaheio. Aktivitetsdagen blei halden i samarbeid med Undheimssmiå der det og var kunstutstilling v/ Mingar Walker Glassblåseri. Under aktivitetsdagen i Garborgheimen fekk gjestene prøva gamle spel, kinna smør, karda og spinna, og gå på stylter.

Forskningsdagane 2013

Årets tema var «Vatn og miljø». Vitenfabrikken arrangerte opent føredrag av Christoffer Hoftun i samarbeid med TEKNA, «Mission Mars». Vitenfabrikken hadde også stand på «Forskartorget» på Domkirkeplassen i Stavanger med diverse eksperiment kring vatn og miljøvern. Nytt av året var «Blå skoledag», eit tilbod til 8. klassingar i distriktet. Dette var eit samarbeid mellom Vitenfabrikken, avdeling Tungenes Fyr og Sandnes Havn ved Havnesjef Thor Thingbø. 468 elever deltok på arrangementet.

Tilbod til demente i Gjesdal

Månadlege besøk på Limagarden er til stor glede for dei demente i Gjesdal. Gjenstandar frå museet sine samlingar vekker minne og blir utgangspunkt for gode samtalar om tradisjonar og hendingar frå eigne liv. Oppleget held fram i 2014.

Dugnadsfest og frivillige

Mange av dei opne aktivitetsdagane blir gjennomført med god hjelp frå mange frivillige. Hå og Klepp historielag stiller opp som vertar på Grødalstrand og Haugabakka, Jæren Kystlag m.fl. er viktige medhjelparar under redningsdagen i Varden, Vennelaget for Jærmuseet Vitengarden og Vitenfabrikkens venner hjelper til på enkelte aktivitetsdagar, og frivillege stiller opp på Vistnestunet i Randaberg og Limagarden i Gjesdal. Dei mest aktive venneforeningane er knytt til RKM og FMS. Her blir det og lagt ned fleire årsverk i restaurering av militærkjøretøy og fly. Kvar haust skipar Jærmuseet til ein fest for dei frivillege med fagleg program, god mat og gildt drøs. Dugnadsfesten 2013 blei halden på Vitenfabrikken med nærmere 100 inviterte gjester.



Håndfast mimre-hjelp

Frå Stavanger Aftenblad 12.12.13.

Foto: Kristina Zimmer, Stavanger Aftenblad.

↓
Under aktivitetsdagar og arrangement får Jærmuseet ofte hjelp av gode folk som er med på dugnad. Teknikkens dag på Vitengarden samlar teknisk interesserte i alle aldrar. Her demonstrerer Johannes Line frå HTM-klubben ein sjølvkonstruert damptraktor som blir fyrt med kol.
Foto: Jærmuseet.



Opne publikumsarrangement 2013

- i regi av Jærmuseet

Vitenfabrikken

9.-17.02	Vinterferieaktiviteter: Snurrende energi	juli	Energisk sommerprogram med nytt energishow
21.02	Stemmerettsjubileet: Bokkafé om Elise Ottesen Jensen	15.09	Aktivitetsdag : Hjernen er ikke alene
10.03	Amundsens opphold på Sydpolen Exxon Mobil engasjement i arktiske strøk	24.-29.09	Forskingdagene med forskingstorg og blå skoledag, foredrag Vann på Mars
17.03	Aktivitesdag: Matematikkens dag	7.-13.10	Høstferie med lego og energi
23.-24.03	Eggesplæsh og påskeprogram	20.10	Aktivitetsdag: Mølledag i Krossens Havremølle
5.05	Aktivitetsdag med Sandnes Husflidlaget, tau og tråd	26.10	FN-dagen
22.05	5-årsbursdagsfest for Vitenfabrikken med Magisk teater	6.-7.11	Litteratur- og Schizofrenidagene med foredrag
2.06	Aktivitetsdag: Pottemakerdag med Ruth S. Gundersen	11.11	First Lego League, regional finale
14.06	Udstillingsåpning: 100% Energi	12.12	Udstillingsåpning: Det ska svara seg

Vitengarden

9.-17.02	Vinterferieaktivitetar: Dyrlegen og «inni er me like»	18.08	Aktivitetsdag: Teknikkens dag
24.03	Aktivitetsdag: Eggande aktivitetar	8.09	Aktivitetsdag: Husflid
14.04	Udstillingsopning: Så gjør vi så... klesvask i 100 år	22.09	Aktivitetsdag: Smak av haust
28.04	Aktivitetsdag med 4H	7. - 13.10	Haustferieaktivitetar
26.05	Aktivitetsdag: Sykkel- og fugledag	7.11	Udstillingsopning: Kongelige kjøretøy 1905-1945. Fra Berliner til Buick
2.06	Aktivitetsdag: Biedag	1.12	Aktivitetsdag: Jul i gamle dagar
juli	Bondekona på garden med servering av tradisjonelle rettar		

Garborgsenteret

24.01	Garborgdagar 2013: Bondestudentar 130 år. Innleiing ved Sigbjørn Reime. Foredrag ved Eivind Tjønneland.	6.03	Syngespelet Ervingen av Ivar Aasen v/Vinje produksjonar. I samarbeid med Time folkeakademi.
25.01	Garborgdagar 2013: Ta ein trall for Arne Garborg	8.03	Kvinner i hundre Udstillingsopning: Norge – likestillingslandet Sigrid Bø Grønstøl: Hulda Garborg: Forfattaren og feministen. «Hustruer» av Anja Breien (film)
26.01	Garborgdagar 2013: STRID	13.03	Slump, intuisjon og spontanitet som mønster i skapande verksemd. Foredrag ved Helge Torvund
9.-17.02	Vinterferieaktivitetar på Garborgsenteret	14.03	Litterær lunsj: Av gode dagar. Dialog mellom Hulda og Arne Garborg. Med Ørjan Z. Johansen og Pia Kaldheim
20.02	Alfred Fidjestøl: Hulda Garborg og Det norske teatret. I samarbeid med Time folkeakademi.	12.05	Aktivitetsdag i Knudaheio

22.02	Hulda 150 år. Hundre års musikk. Musikalsk foredrag ved Nora Taksdal	21.03	Utstillingsopning «Askerkretsen»
13.06	Urpremiere: Alvorleg frisk av Helge Torvund Monolog lesen av Morten Espeland. I samarbeid med Rogaland Teater	16.09	Kapittel '13: Poesikveld med Øyvind Rimbereid, Oddbjørn Birkeland, Øyvind Berg og Dina Abazovic. I samarbeid med Forfattersentrum Vestlandet.
14.06	Kulturkveld på Garborgsenteret. Arr. Time og Klepp mållag.	5.10	Utstillingsopning: Vårt språk
11.08	Aktivitetsdag på Garborgheimen	5.-13.	Haustferie med aktivitetar
2.09	Debattmøte i høve Stemmerettsjubileet. I samarbeid med Framtida.no	30.10	Debutanten og den erfarne. Helge Torvund og Peter Strassegger i samtale med Inger Undheim. I samarbeid med Time folkeakademiet.
juni-sep.	Skrivekonkurranse i høve Stemmerettsjubileet. I samarbeid med Framtida.no	21.11	Gjendikting – munnleg poesi gjennom 3000 år. Konsert med Håvard og Simen Rem. Eit språkårsarrangement støtta av Norsk kulturråd.
16.09	Kapittel '13: Besøk av barne- og ungdomsbokforfattarane Arnt Birkedal, Gaute Sortland og Ingeborg Ingeborg Hald. I samarbeid med Forfattersentrum Vestlandet		

Tungenes fyr

9.05	Konsert: Cirrus	22.09	Barnekonsert: Det er sant at jeg fant
12.05	Mat frå fjæra	17.10	Konsert: Kirsty McGee og Myshkin
16.06	Aktivitetsdag: Sesongopning og sommarutstilling	31.10	Festival: Nautofon
12.09	Konsert: Clasicos Pineros	12.12	Konsert: Ryfylke visegruppe

Flyhistorisk Museum Sola

5.05	Sesongopning	1.09	Hafrsfjorddagen
16.06	Wings and Wheels		

Grødaland

5.05	Sesongopning	18.08	Trivselsbygda di
9.06	Hagedag	15.09	Aktivitetsdag: Med fiber mellom fingrane
23.06	Aktivitesdag: Bake syrekaker og jonsokleik	29.09	Eplekaker og gamle spel

Vistnestunet

14.04	Open gard med temaet byggeskikk	21.-22.09	Trøskjedagar
2.06	Open gard med tema sau og lam	24.11	Julemarknad

Limagarden

5.05	Sesongopning	29.09	Fiskedag i Limavatnet
15.09	Geologiens dag med vandring i kulturlandskapet og 4H-dag		

Varden Sjøredningsmuseum

12.05	Aktivitetsdag: Sjøredning
-------	---------------------------

Rogaland Krigshistoriske Museum

5.05	Sesongopning	25.05	Open dag
------	--------------	-------	----------

Formidling og tiltak for barn og unge

Som regionalt vitensenter har Jærmuseet ansvaret for fleire regionale kunnskapskonkurransar og rekrutteringstiltak.

Kunnskapsdagane - RING – står for «realfag, inspirasjon, næringsliv og glede» og er eit samarbeid mellom Oljedirektoratet /Force og Rogaland fylkeskommune. Arrangementet skal inspirera 1.klasse elevar på vidaregåande skule til å velja fordjuping i realfag, og i løpet av tre dagar får elevar frå heile Sør-Rogaland møta bedrifter som etterspør realfaglege utdanningar. I 2013 blei RING for første gong lagt til Vitenfabrikken. 14 bedrifter og heile 1700 elevar deltok. Den kjente fysikaren Andreas Wahl opna kvar dag med inspirerande realfagsshow.

Nysgjerrigperdagen blei arrangert 29. mai: 240 elevar som hadde levert inn bidrag til konkurransen var invitert til ein oppleavingsrik dag med undring og læring på Vitengarden. 21. mars arrangerte Jærmuseet regional finale for konkurransen **Unge Forskarar** på Vitengarden. Dette er ein landsomfattande konkurranse der Rogaland er det fylket med flest deltakarar.

Statoil realfagspris: her var det regional finale 17. april. Flott dag med bedriftsbesøk hjå Årdal Maskinering, deretter var elevane innom TINE meieri Jæren. På Vitengarden fekk deltakarane prøva seg på eksperiment og aktivitetar.

«First Lego League» har og vald Vitenfabrikken som fast arena for sine årlege arrangement. I 2013 var det rekord med 1600 besökande. Arrangøren står for gjennomføringa av konkurransen, medan Vitenfabrikken har ansvar for lokale og teknisk gjennomføring.

Under Garborgdagar blei 5-åringane i barnehagane i Time inviterte til å «**Ta ein trall for Arne Garborg**» på Garborgsenteret 24. januar. Arrangementet er ei bursdagsfeiring for Arne Garborg, i godt samarbeid med

Time bibliotek. «Ta ein trall» vart halde første gong i 2012, og kjem til å vera eit fast innslag under Garborgdagar i åra som kjem.

Bursdag for Vitenfabrikken

22. mai var det skikkeleg bursdagsfeiring på Vitenfabrikken. Dagen blei innleidd med sponsor treff for gjester frå næringsliv og andre samarbeidspartnarar. Etter nokre foredrag i auditoriet var det trylleshow, pølse og is for inviterte femåringar.

Kulturell skulesekk og kulturell nistepakke

Fleire avdelingar har fått særskilde DKS-middel frå vertskommunar/fylke. Sandnes kommune har gitt støtte til tre DKS-opplegg på Vitenfabrikken. DKS i Rogaland har gitt støtte til det interaktive læringspelet **STRID** og «**Arne Garborg og språkets musikk**» på Garborgsenteret for 2013/14 ved at dei dekker deltaking og transport for vidaregående skular i Rogaland. Klassane kjem frå heile fylket – frå Åkrahamn vgs i nord og Strand vgs i aust. Jærmuseet har utarbeidd eit opplegg for undervisning i arkitektur og byggeskikk for DKS i Rogaland. Opplegget blir administrert og betalt av fylkeskommunen, men bygger på Jærmuseet sin undervisningsmetodikk. Me har produsert to laftebyggesett, lærarrettleining og kursa to undervisningsteam som turnerte dei fleste skulane i sør-fylket våren 2013. Våren 2014 står nordfylket for tur. Nokre kommunar nyttar DKS-middel til transport til anlegga våre, eller kjøper opplegg frå det omreisande realfagstilbodet **SCIENCE CIRCUS** som i 2013 nådde heile 14.510 personar. SC inngår også i DKS-tilboden i Vest-Agder. Den kulturelle nistepakken-forestillinga «**Hipp hopp og Garborg**» besøkte bedrifter i alle kommunane i Rogaland sist haust. Om lag 2500 tilhørarar fekk Garborg presentert i ei uventa innpakning. I tillegg vitja forestillinga vidaregåande skular og ungdomsskular i regi av Den kulturelle skulesekken.



Jærmuseet har dei seinare åra satsa mykje på å utvikla eit godt tilbod til kurs- og konferansemarknaden. Under teambuilding-opplegget på Vitenfabrikken, skal ein blant anna gå fortast muleg på 10-manns ski, som her på biletet. Vitengarden vert og nyttar mykje til familiestedagar, blåturar og til private selskap.

Foto: Ingunn Aase Hovelsrud, Jærmuseet.



Science Circus har i 2013 hatt ansvaret for å halda lærarkurs i emnet «Teknologi i praksis», i samarbeid med Naturfagsenteret. Her er lærarane frå Øygard ungdomsskule godt i gang med å bygga modellhus.

Foto: Jærmuseet.

Undervisning på anlegga

På **Vistnestunet** har det vore undervist i «Byggeskikk og arkitektur», «Sau, lam, karding og spinning», «Fuglar ved Vistnestunet» og det særstak populære: «Kokkar i friluft med matlaging over bål». 17 skuleklasser meldte seg til dette opplegget. På **Limagarden** har «Mattradisjonar», «Byggeskikk, safting og sylting» og «Fisking/fiskemat» vore tema for undervisninga. Fisking er spesielt ettertrakta med stor oppslutnad frå alle aldersgrupper til og med vidaregåande skule. Bygdekvinnelaget og Bondelaget i Gjesdal har ansvaret for tre populære formidlingsopplegg: «Limavatnet rundt», «Frå ull til tråd», og «Jul i gamle dagar». På **Haugabakka** har mattradisjonar og fugl stått i sentrum for undervisninga. På **Grødaland** tilbyr ein «Bygda di i gamle dagar», medan Redningshistoria blir formidla på Varden Sjøredningsmuseum. På **Flymuseet** er «Leik med luft» populært med både praktisk og teoretisk undervisning i flyginga sine mysterium. Også Rogaland Krigshistorisk museum har hatt skuleungdommar på besøk i 2013.

Garborgsenteret har tilbydd følgjande nye undervisningsopplegg:

- «Helsebror og brannvinne». Om kjønnsroller i yrkeslivet. Ungdomsskule.
- «Likestilte?». Problemstillingar kring kjønnsroller og likestilling. Vidaregåande skule
- «Dialekt, knot og Garborg». Ungdomsskule.
- «Språk og politikk» Revidert i samband med Språkkåret 2013. Vidaregåande skule.

Flest undervisningstilbod har me på Vitengarden og Vitenfabrikken. Nye undervisningsopplegg på **Vitengarden**:

- «Lag di eiga såpe – Så gjør vi så... klesvask i hundre år», for både grunnskule og barnehage.
- «Inni er me like» Disseksjon av gris, mellomtrinn og ungdomstrinn.
- «Dyrlege», barnehage
- «Potetsetjing», for barnehage og grunnskule. Pga. potetål har ein ikkje fått dyrka poteter dei siste åra, men nå er restriksjonane oppheva.

Vitenfabrikken tilbyr undervisning innanfor emne som byhistorie og arkitektur, kunst og handverk, matematikk, kjemi og astronomi.

I samband med utstillinga 100 % energi blir elevane tilbydd eit nytt energishow frå hausten 2013. Alle undervisingsopplegga er tilgjengelege på www.jaermuseet.no

Særskilde ferieaktivitetar – eksperimentveker og sommarklubbar

Vitengarden og Vitenfabrikken har særlege opplegg for barn i alle feriar. I vinterferien var tema på Vitengarden «Inni er me like- Sjå kor lik du er grisene..» og «Dyrlege», tilbod som slo godt an hjå både barn og vaksne. Tema for vinterferien på Vitenfabrikken var «snurrande energi» med fokus på på energi og bevegelse. Energi var også tema for Eksperimentveka/sommarskulen på Vitengarden i juni. I august var tilbodet «matskule». Slagordet for sommaren på Vitenfabrikken var: «Variert program med høy spenning». Fleira av vertane våre demonstrerte «science busking» under Gladmatfestivalen og under Blink-arrangementet.

Science Circus på speidarleir

Science Circus si mobile vitensenterutstilling stod i eige telt under Norsk speiderforbund sin landsleir 6. – 13. juli i Stavanger. Heile 7400 barn og 800 vaksne var innom utstillinga.

Ferieklubbar på Vistnes, Lima og Grødaland

Saman med kulturkontora i Randaberg, Gjesdal og Hå arrangerer Jærmuseet feriekubbar for barn frå 1.-4. klasse, frå to til fire veker. Kvar veke kjem ei ny gruppe på 25-30 barn, som har mange ulike aktivitetar i husa og på tunet. Barna blir gode museumsambassadørar og kjem ofte tilbake med familiene sine på aktivitetsdagar og andre tilstellingar på museumstuna.

Science Circus i vesterveg:

Samarbeidet med Husdyragardurin i Reykjavík held fram med støtte frå Norsk-Íslandsk kulturfond. Veke 42-43 var SC på Islandsturne, med skulebesøk og lærarkurs i Reykjavík. Som i fjar er tilbakemeldingane frå lærarar og elevar særstak gode, og mange har ytra ønske om nytt besøk neste år. Nytt av året er at Háskoli Íslands (Íslandske Universitet) og ønsker å vera med på samarbeidet. Fire personar, inkl. ein representant frå Reykjavík kommune, besøkte Jærmuseet 27.08-01.09.



First Lego League er ein konkurranse som vert arrangert over heile verda, og den regionale finalen på Vitenfabrikken trekte i år rekordmange lag og nærmere 1500 tilskodarar. Her er vinnarlaget, Nature's Fury frå Austrått skole, med sin robot. Foto: Asle Haukland.

Spillet STRID på Garborgsenteret er eit interaktivt spel der deltakarane får innblikk i mellom anna språk, bruk av media og deltaking i samfunnet. Elevar frå Bryne vidaregåande skule er godt i gang med spelet og har fått sett si første valmåling. Foto: Ingeborg Skrudland.



FORDELING PÅ KLASSESTEG OG ANLEGG I 2012 - 2013: medrekna Hå gamle prestegard

	VITENGARDEN		VITENFABRIKKEN*		SCIENCE CIRCUS		GARBORGSENTERET**		TUNGENES FYR		GRØDALAND + VARDEN		LIMAGARDEN	
	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012
Barnehagar	3260	3194	2166	1630	0	0	169	78	134	0	63	79	191	350
Barnetrinnet	5735	4926	5136	7204	4690	1716	779	204	303	50	71	198	1251	1005
Ungdomstrinn	1277	2253	2888	4032	1479	6050	286	197	184	109	56	146	0	0
Vid. Skular	537	919	865	1210	70	0	3567	1378	0	0	0	0	248	198
SFO, fritidsgr.	481	1277	1676	1254	8200	0	221	30	0	0	652	665	290	290
Studentar	64	160	567	654	71	0	45	153	0	0	0	26	26	24
Sum	11354	12729	13298	15984	14510	7766	5067	2040	621	159	842	1114	2006	1867
Anna publikum	31950	30241	57838	51694	0	3700	4862	3418	9757	16772	2298	2888	748	955
Utleige	1945	1594	1991	6868	0	0	5937	1110	304	451	12	12	26	71
Sum i alt	45249	44877	74148	74546	14510	11466	15866	6568	10682	17382	3152	4014	2780	2893

*Inkl. Thranegården galleri med 2573 besøkande i 2013

**Inkl. tal frå Garborgheimen og Knudaheio

I tillegg besøker årleg rundt 10 000 Hå Gamle Prestegard som turområde, og 20 000 nyttar Hanabergsmarka kultur- og fritidsområde.



<-
21. mars arrangerte Jærmuseet regional finale for konkurransen Unge Forskarar på Vitengarden. Både elevar og lærarar fekk prøva seg på eksperimenta i utstillingane.

Foto: Jærmuseet.

->
Sandnes læringssenter besøkte Garborgheimen 24. september.

Foto: Jærmuseet.



I samarbeid med Svein Magne Olsen frå Randaberg historielag arrangerte Jærmuseet krigshistorisk vandring i området rundt Tungenes fyr. Opp mot 150 personar var med på turen.

Foto: Lasse Amundsen.



HAUGABAKKA		VISTNESTUNET		FMS		RKM		SUM JÆRMUSEET		HGP		SUM inkl HGP	
2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012	2013	2012
173	78	0	19	62	24			6218	5452	75	100	6293	5552
424	174	970	1222	144	191	3		19506	16890	575	960	20081	17 850
0	140	655	360	70	0	66		6961	13287	250	100	7211	13387
19	0	104	4	136	0	20		5566	4000	375	220	5941	4220
0	0	467	425	22	33	0		12009	3974	0	0	12009	3974
0	0	0	20	50	10	31	32	854	1069	135	0	989	1069
616	392	2196	2050	484	258	120	32	51114	44704	1410	1380	52524	46084
387	40	2057	1575	8120	7177	1021	588	120059	119048	38641	43000	158700	162048
0	0	183	614		26	84		10482	10746	2775	4000	13257	14746
1003	432	4436	4239	8604	7461	1225	620	181655	174498	42826	48380	224481	222878

FMS = Flyhistorisk Museum Sola

RKM = Rogaland Krigshistoriske Museum

HGP = Hå Gamle Prestegard

«Ongane i Hå - kæ lure dei på?»
Hå kommune har tilsett ein eigen
førskulelærar på Vitengarden som driv
realfagsformidling til barnehagane i
kommunen. Kvart år blir det òg arrangert
ein eigen Eksperimentdag for barnehagane
på Vitengarden.

Foto: Tormod Aas, Jærmuseet.



FORVALTNING AV SAMLINGANE

«Jærmuseet forvaltar kulturarven for samtid og framtid»

Innsamling

Gjenstandssamlingane

Tilveksten av gjenstandar i 2013 var 275, alt vesentleg frå perioden etter 1945. Tilveksten er m.a. knytt til vaskemaskinutstillinga, keramikk-samlinga og til gründerane i «Det skal svara seg»-utstillinga. Frå 2013 blir samlingane i FMS og RKM tatt med i museumsstatistikken under Jærmuseet. Me må førebels anslå storleiken på samlingane. Det er registrert 606 gjenstandar frå FMS i Primus, i hovudsak uniformar og andre mindre ting. Fotosamlinga i RKM blei tatt med frå 2012. Den er registrert i Primus med meir enn 5000 foto. Det er lagt ut 218 nye gjenstandar på Digitalt museum.

Privatarkiv og foto

Det blei jobba vidare med fotosamlinga frå Kvernelands Fabrikk / Kverneland ASA. Det kom ikkje inn store nye arkiv/fotosamlingar i 2013, men ni mindre arkiv.

Dokumentarkiv – Kverneland AS

14. mars 2013 lanserte me vårt første digitale

dokumentarkiv; nettsida som presenterer vareutvalet til Kvernelands Fabrikk frå 1886 til 1990-talet i form av 319 prislister og katalogar. Dei er i ein søkbar database, kan lesast på nettet eller lastast ned til eigen PC.

Heinkel He 115 - Restaureringsproblematikk

Siden FMS heva eit tysk bombefly av typen Heinkel He 115 opp or Hafsrøfjorden sommaren 2012 har ein diskutert ulike måtar å bevare flyet på. Flyet er sjeldan godt bevart, og diskusjonane om bevaringsstrategiar engasjerer etter kvart flyinteresserte i både inn- og utland.

Regionalt samlingsarbeid

Rogaland fylkeskommune bestemte i sommar å legga eit større fellesprosjekt til Jærmuseet. Det skal etablerast eit mobilt samlingsteam for regionmusea i Rogaland. I perioden 2014-2016 skal teamet gå gjennom og vurdera tilstand og tiltak for samlingane på dei ulike regionmusea i fylket. Kontorplassen blir i Møllemeisterbustaden på Vitenfabrikken. Ein felles fotomedarbeidar for regionmusea er allereie etablert på Haugalandmuseene i Haugesund, og i 2013 registrerte ho ca. 240 fotografi frå Øglænds-samlinga.

Bedriftsarkiva i Jærmuseet innehold store mengder produktkatalogar og andre trykksaker som har interesse for dei som samlar på alt frå plogar, syklar, fajanse, porselen og strikkeoppskrifter. Med støtte frå Kverneland ASA har me fått laga eit Dokumentarkiv der me etterkvar kan legga ut mykje av dette materialet.

Skjermdump frå www.jaermuseet.no

The screenshot shows the Jærmuseet website with a search bar for documents. Below it, there's a section titled 'Katalogene fra Kvernelands Fabrikk' with a thumbnail of a biplane and some descriptive text. A large orange banner on the right side contains text about the document archive and its history. Below these, there's a grid of five document covers: 'Kvernelands Hayvan' (1956), 'Reserveleier Silosav' (1957), 'Prisliste nr. 116 fr.' (1950), 'Kvernelands Hydren' (1952), and 'Heggrabben "Hayssva"' (1952). Each document cover has a 'MER INFO' link below it.



Sidan FMS heva eit tysk bombefly av typen Heinkel He 115 sommaren 2012 har ein diskutert ulike måtar å bevare flyet på - restaurering eller konservering. Ved ei fullrestaurering framstår flyet som fabrikknytt. Dette vil truleg gi lengre vedlikehaldsfree levetid, men fjerner mykje av flyet sin autensitet. Ved konservering ønsker ein å bevare så mykje av dei originale delane som mogleg, og gjera færrest mogleg inngrep i flyet sin struktur. Men ettersom Heinkelen har lege 70 år i saltvatn vil ei konservering kreva konstant oppfølging gjennom eit systematisk vedlikehaldsprogram. Her er Eirik Aarebrot frå Arkeologisk museum UIS og Roar Henriksen frå Venneforeningen FMS i gang med å reingjera og konservera halepartiet.

Foto: Sondre B. Hvam, Jærmuseet.

BYGNINGSVEDLIKEHALD

Då handverkarane har vore involvert i utstillingsprosjekta på Vitengarden og Vitenfabrikken er det brukt mindre tid enn vanleg på bygningsvedlikehald. Dei faste tilsyns- og vaktmeisteroppgåvene rundt på anlegga, inkludert Garborgheimen og Knudaheio, er utført etter oppsett plan. Dei store haust- og vinterstormane førte ikkje til nemnande skader på bygningar eller uteanlegg. Men stor nedbørsmengd og sterk vind i romjula førte til vasskader i tak og vegger på kontorbrakka på Vitengarden. Skadene var så omfattande at det var nødvendig å byta ut heile brakkeriggen med nyare element i stål.

Særlege vedlikehaldsoppgåver i 2013

Restaurering av dei fleire hundre vindauge i museets antikvariske bygningsmasse er vinterarbeid som handverkarane starta på for to år sidan og som vil halda fram i fleire år. Originale vindauge er av høg antikvarisk verdi for museet sine kulturhistoriske bygg. Restaureringa som museet sine handverkarar utfører har som mål å bytta ut så lite materiale som mogleg og ta vare på glas, beslag og andre særmerke på kvart vindauge. Det er ein omfattande og arbeidskrevjande prosess, men resultata er svært tilfredsstillande. Med regelmessig vedlikehald kan eit restaurert glas halda mange tiår. Dessverre blei mange gamle glas bytt ut med masseproduserte etterlikningar på 1980-90 talet, og viktig historisk dokumentasjon har gått tapt.

Med 59 kulturhistoriske hus er det eit omfattande og krevjande arbeid å halda husa ved like og m.a. restaurera dei mange gamle vindauge. Her er bygningshandverkar Odd-Geir Rosland i ferd med å ordna glasa på Grødal.

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet.

Gjennomført vedlikehald, reparasjoner og installasjoner:

Hå: Grødal: Sprøyta mot tverrstripa borebille på lofta i heimehusa og i begge løene. Tjørebredd Torehuset.

Motlandsmia: Lødd opp nedkjøyd hjørne og hogd nærliggende tre. Audamotland: Vølt taket på heimehuset, sprøyta med Boracol (råtebehandling) og linoljemåla vindauge i fjøset. Lager Kviavegen 66: Montert avfuktar.

Klepp: Haugabakka: Linoljemåla Folgehuset og reparert gavlvindeauge i Skulehuset.

Gjesdal: Limagarden: Vølt alle tak. Sett opp takrenne på nye løa. Gjennomrestaurert båten. Inngjerda og opparbeida den gamle frukthagen. Ljåfabrikken: Sett inn og lista restaurerte vindauge.

Sandnes: Møllemesterboligen: Montert avfuktar i kjellaren, og sett i stand lokala til samlingsteamet.

Tranegården: Montert avfuktar i kjellaren i heimehuset.

Snikkarverkstanden på Vagle: Starta oppretting av bygningen, ein prosess som må gå over fleire år.

Sola: Flymuseet: Rogaland fylkeskommune har vedlikehaldsansvaret for hangaren i Sømmevågen. Jærmuseet har stått i spissen for å få montert nyt, elektronisk låsesystem og montert ny publikumsinngang. Venneforeininga har starta oppussing av biblioteket i 720-brakka.



FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

Jærmuseet ønsker å løfta forskarkompetansen i organisasjonen og har i samband med dette sett i verk to nye tiltak i 2013. Jærmuseet har blitt med i nasjonalt nettverk for forskingskoordinatorar i musea, og me har oppretta eit eige forskarforum i museet. Tilsette med magistergrad, hovudfag eller mastergrad, og som har forsking som ein del av stillinga, kan delta her. Forumet skal fremja betre samarbeid om forskinga i institusjonen, og bidra til at fleire medarbeidarar får tilkjent konservatorkompetanse NMF.

Avslutta prosjekt:

Norgesgarden

Våren 2013 var planane for formidling og skjøtsel av museumsgarden på Audamotland ferdig. Desse planane markerte også slutten på prosjektet Noregsgarden.

Prosjekt i arbeid:

I 2012 starta prosjektet «**Samtidskoden**», eit museologisk nettverksprosjekt der fleire museum er med. Jærmuseet deltar med eit prosjekt om steingardane. Planen er å publisera ein artikkel i tidsskriftet Nordisk museologi hausten 2014. Arbeidet med å dokumentera **Trafikkssentraljenesten VTS** frå 1978 og fram til i dag held og fram i 2014. Av nye prosjekt er det starta eit arbeid for å få fram ny kunnskap om stridsvogner i Rogaland. I tillegg starta eit samarbeid med ulike forskingsmiljø, HLB og UiS/Arkeologisk museum, og kunstnaren Anne Helene Hobberstad, der målet på sikt er å få til eit større prosjekt om kunnskapsoverføring i jordbruket på Jæren.

Industridokumentasjon - Figgjo AS

Jærmuseet legg vekt på samtidsdokumentasjon i sitt arbeid med industrihistoria. I 2013 laga me filmen «Pisa og Felt. Veien fram til nye produkt på Figgjo AS», der me følgjer utviklinga av eit nytt produkt i Figgjo AS i dag, frå teiknebordet til det ferdige serviset i bruk. Figgjo AS la tilrette for filming og bidro til finansieringa. Filmen er ein del av utstillinga «Det ska svara seg».

Prosjekt jærhagar: Dette er eit forprosjekt for dokumentasjon og innsamling av kunnskap om gamle hagar og hagestell på Jæren. I byane, stasjonsbyane og på gardane på Jæren var det for 50 – 100 år sidan hagar og hageliknande anlegg som det mest ikkje finst skriftleg dokumentasjon eller systematisert kjedemateriale om. Det er ikkje undersøkt kva nytte- og prydvekstar som var vanlege og korleis hagane blei oppabide og stelte. For Jærmuseet som har 8-9 museumsanlegg med hagar er det av stor verdi å få auka kunnskap på dette feltet.

Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Jærmuseet, Arkeologisk Museum, Universitetet i Stavanger, Hageselskapet Rogaland og Stavanger Botaniske Hage som alle har representantar i ei prosjektgruppe.

Publikasjonar

Årbok 2013

Torbjørg Sægrov (tekst) og Sigmund Alsvik (foto) har gjennom dei siste to åra laga portrettintervju med kvinner i Sandnes. Gjennom historiene til 20 kvinner får me del i kvardagsliv og opplevelingar. Utvalet av kvinner gir seg ikkje ut for å vera representativt, men historiene blir ikkje mindre interessante og verdfulle av den grunn. Dette er del av museet sitt bidrag til Stemmerettsjubileet. Årboka blei lansert på Vitenfabrikken 22. oktober med mange av dei aktuelle kvinnene tilstades. I tillegg til Sigmund Alsvik og Torbjørg Sægrov var Berit Bass, Anne Jorunn Frøyen, Målfrid Grimstvedt og Inger Smidt Olsen frå Jærmuseet med i redaksjonen. Årboka blei trykt i 1500 eksemplar.

ANDRE PROSJEKT

Maritimt vitensenter

Planen om eit maritimt vitensenter på Tungenes har blitt meir konkret i løpet av 2013. På hausten kjøpte Randaberg kommune tomta til vitensenteret. Det er nedsett ei styringsgruppe for prosjektet med ordførar og rådmann i Randaberg, fylkesordførar Janne Johnsen, regiondirektør i Kystverket Vest John Erik Hagen og direktøren i Jærmuseet. I byrjinga av 2014 blei styringsgruppa foreslått utvida med medlemmer frå Blue Planet og Maritimt forum. Det har blitt utarbeida eit prospekt med

8. mai var hest og mannskap i sving med å laga potetåker på Kvia. Hallgeir Skretting frå UiS held på med eit filmprosjekt om misjonen, og har filma åkeren på Vitengarden gjennom heile sesongen. Jærmuseets Odd Kjetil Liland (t.v.) og Endre Ueland (t.h.) var skodespelarar då historia om dei mange misjonsåkrane skulle formidlast.

Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet



↑ «Sjå Jæren» 2013 presenterte 20 kvinnekart frå Sandnes. Årboka blei lansert under ei tilstelling på Vitenfabrikken. Konservator Inger Smidt Olsen overrekk boka til ei av kvinnene, Berit Rosenberg.

Initiativtakarane Torbjørg Sægrov og Sigmund Alsvik applauderer.

Foto: Sigbjørn Stangeland, Jærmuseet.

↓ Framside av årboka Sjå Jæren.




↑ Desse karane har ansvar for tilsyn og vedlikehald av om lag 60 kulturhistoriske bygningar over heile Jæren. Her sjekkar dei takpannene på Knudhaie etter endå ein storm. Frå venstre: Ted Jonny Taraldsen, Odd-Geir Rosland og Hans Dybvad Olesen.

Foto: Inger Undheim, Jærmuseet.

↓ I utstillinga «Det ska svara seg» på Vitenfabrikken presenterer me fleire av gründerane saman med ein gjenstand som er sentral for deira arbeid. Ståle Kyllingstad gav oss manometeret som han tar tatt vare på. Det er nå med i presentasjonen av han sjølv og firmaet hans, IKM.

Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.



arbeidstittel «Vitenvågen» som skal nyttast til innsal av prosjektet til offentlege og private bidragsytarar. Neste fase i prosjektet blir ein arkitektkonkurranse som skal setjast i gang i løpet av 2014. Både kommunen og næringslivet bidrar til å finansiera konkurransen

Sømmevågen – «Frå Hafrsfjord til Jåttå»

Eit hovudmål for konsolideringa av musea i Sola har vore å utvikla eit større museumsprosjekt i Sømmevågen. I første omgang dreier dette seg om ei samlokalisering av Flyhistorisk Museum Sola og Rogaland Krigshistoriske Museum, dvs. flytta krigshistorisk frå Somaleiren til Sømmevågen i Hafrsfjord. Hausten 2013 kjøpte Sola kommune store delar av Forsvaret sine areal i Sømmevågen, inkludert ein verkstadbygning frå 2. verdskrigen, tett ved hangaren til Flyhistoisk museum. Utstillingsbrakka i Somaleiren er kondemnert, og i løpet av ein toårs-periode har museet som mål å etablera ny utstilling i den tidlegare verkstadbygningen, noko som vil gi ei meir rasjonell og samla drift av Solamusea, og betra publikumsforholda. Hausten 2013 blei det elles løyvd tilsaman 200.000 frå Sola kommune og Rogaland fylkeskommune til ein «moglegheitsstudie» som vil bli utført våren 2014.

Eit museumsprosjekt lokaliseras ved Hafrsfjorden må kunna utnytta den historiske krafta som ligg i staden og omgrepet "Hafrsfjord". På denne bakgrunnen har

Jærmuseet formulert slagordet **"Frå Hafrsfjord til Jåttå"** som overskrift og langsiktig visjon for museumsutviklinga i Sømmevågen. Tanken er m.a. å formidla norsk militærhistorie gjennom 3000 år – frå bronsealderen til Sola flyplass si sentrale og framskotne rolle i det moderne norske forsvaret og det Nordatlantiske forsvarssamarbeidet i etterkrigstida.

«Hafrsfjord 872»

Slaget i Hafrsfjord var ei avgjerande hending i norsk historie, men Jærrregionen har gjort heller lite for å formidla dette til omverda. Innanfor dei arkeologiske, marinarkeologiske og historiske fagmiljøa i regionen (Must v/Stavanger maritime museum, Arkeologisk museum UiS og humanistisk fakultet UiS) har det derfor i lengre tid vore arbeidd for å skaffa middel til marinarkeologiske undersøkingar i Hafrsfjord for å sjå om det kan finnast materielle spor etter slaget på havbotnen. Styreleiar i Jærmuseet, Arne Norheim, tok vinteren 2013 eit initiativ ovanfor SR-bank sitt gåvefond som resulterte i 500.000 kroner til eit forprosjekt, og etableringa av prosjektet «Hafrsfjord 872» som eit samarbeid mellom UiS, Arkeologisk museum, Museum Stavanger og Jærmuseet. Forprosjektet vil truleg bli sluttført sommaren 2014, og vil forhåpentleg skapa grunnlag for meir sponsormiddel som kan finansiera eit større prosjekt.



Flyhistorisk Museum Sola held til i Sømmevågen. Nå har Sola kommune kjøpt opp delar av arealet i området rundt sjøflyhamna. Tomta inneholder ein bygning som er tiltenkt Rogaland krigshistoriske museum. Det er eit viktig steg mot målet om samlokalisering og oppbygging av eit moderne museumssenter i Sømmevågen.

Foto: Sola Kommune.

RESULTATREKNESKAP

	Note	2013	2012
Salsinntekter		4 488 718	4 400 912
Billett/arrangementsinntekter		5 506 161	4 816 924
Faste offentlege tilskot	2	40 085 460	37 349 210
Tilskot prosjekt	3	16 057 399	12 214 089
Avsetningsplikt ubrukte prosjekttilstokt	3	-3 869 736	-2 072 488
Medlemsskap/annonsar		225 180	246 325
Andre inntekter	4	706 276	585 944
Sum driftsinntekter		63 199 458	57 540 916
Varekostnader		2 607 262	2 187 882
Personalkostnader	5	34 239 915	31 802 814
Inventar og utstyr		1 189 209	1 512 061
Driftskostnader bygg/anlegg		4 501 291	4 289 254
Vedlikehald utstyr/samlingar		1 248 565	1 303 111
Produksjon utstillingar		8 152 572	6 235 437
Kontor og administrasjonskostnader		1 869 575	1 890 434
Reiser/kurs/transport		1 094 557	1 396 541
Marknadsføring/publikumskostnader		2 761 951	2 621 378
Avskrivningar	6	1 476 028	1 157 287
Kjøpte tenester	7	1 258 947	1 147 924
Andre driftskostnader	8	927 887	1 011 195
Sum driftskostnader		61 327 759	56 555 318
Driftsresultat		1 871 699	985 598
Renteinntekter		2 275 392	1 828 088
Renter byggetrinn I VF		-456 466	-674 021
Renter byggetrinn II VF		-24 852	
Renter investering GS		-96 415	-92 128
ÅRSRESULTAT		3 569 358	2 047 537
Overført fond vedlikehald		1 369 358	797 537
Overført prosjekt		700 000	750 000
Overført annan eigenkapital		1 500 000	500 000

Balanse

	Note	2013	2012
ANLEGGSMIDDEL			
Byggetrinn 1&2	1,6	24 311 807	0
Anlegg	6	79 187	221 163
Kontorinventar/utstyr	6	1 514 915	1 757 032
EDB-utstyr/kassasystem	6	227 195	153 322
Bilar/transportmiddel	6	477 910	545 633
Samlingar		200 000	200 000
Sum varige driftsmidde		26 811 014	2 877 150
Innskot COOP		1 632	361
Eigenkapitaltilskot KLP		301 215	252 631
Matfattet Jæren BA		4 000	4 000
Sum finansielle anleggsmeddel		306 847	256 992
Sum anleggsmeddel		27 117 861	3 134 142
OMLØPSMIDDEL			
Varelager	9	914 229	866 894
Fordringar			
Kundefordringar		600 049	1 139 229
Meirverdiavgift		928 088	372 730
Andre kortsiktige fordringar		822 111	1 071 817
Sum fordringar		2 350 248	2 583 776
Bankinnskot og kontantar	10	52 580 795	85 653 706
Sum omløpsmidde		55 845 272	89 104 376
SUM EIGEDELAR		82 963 133	92 238 518


Balanse

	Note	2013	2012
EIGENKAPITAL			
Grunnkapital		200 000	200 000
Fond vedlikehald	11	3 577 213	2 779 676
Fond prosjektavsetning		900 000	150 000
Annan eigenkapital		8 485 873	6 464 052
Sum eigenkapital		13 163 086	9 593 728
GJELD			
Ubrukte øyremerka middel			
Ubrukte middel, byggetrinn 1 og 2	1,3	24 566 995	255 188
Andre øyremerka tilskot	3	28 019 629	68 416 190
Sum ubrukte øyremerka middel		52 586 624	68 671 378
Pensjonsforpliktelser	5	6 292 371	5 705 575
Langsiktig gjeld Hå komm.		288 000	288 000
Kortsiktig gjeld			
Vennelaget		5 463	12 287
Leverandørgjeld		4 380 874	2 712 535
Skuldig skattetrekke		1 137 102	942 791
Skuldig arbeidsgjeveravgift		1 082 685	1 002 890
Skuldige feriepengar		2 902 044	2 647 724
Skuldig mva			
Påløpt løn		1 000 585	549 903
Anna kortsiktig gjeld		124 299	111 707
Sum kortsiktig gjeld		10 633 052	7 979 837
Sum gjeld		69 800 047	82 644 790
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		82 963 133	92 238 518

Nærbø, 20.02.2014



Arne Norheim

Styrelseiar


Ane Mari Braut Nese


Ingeborg Nærland Skjærpe



Espen Aaserud Karlsen



Mons Skrettingland


Nestleiar



Bjørn Kahrs


Stanley Wikak


Staale Grude Haaland


Målfrid Snorteland
Museumsdirektør


Ingle Haugland
Per Inge Ruud


Tone Brandtzæg

Kontantstraumanalyse

	2013	2012
KONTANTSTRAUM TILFØRT FRÅ DRIFT		
Resultat før disposisjonar	3 569 358	2 047 537
Gevinst/Tap ved sal av anleggsmiddel	27 094	-90 000
Ordinære avskrivingar	1 476 028	1 157 287
Tilført frå drift	5 072 480	3 114 824
AUKE/NEDGANG KONTANTSTRAUM FRÅ		
Kundefordringar	539 180	-371 884
Andre omløpsmiddel	-352 987	-662 548
Leverandørgjeld	1 668 339	-55 842
Skuldige avgifter og feriepengar	528 426	79 863
Anna kortsiktig gjeld	456 450	160 804
Netto kontantstraum frå kortsiktige balansepostar	2 839 408	-849 607
KONTANTSTRAUM TIL INVESTERINGER		
Sal av varige driftsmiddel	0	90 000
Investering i varige driftsmiddel	-435 346	-472 721
Andre langsiktige investeringar	-49 855	-40 103
Sum kontantstraum - driftsmiddel	-485 201	-422 824
KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERING		
Endring ubrukte øyremerka middel	-41 086 394	2 072 487
Endring anna langsiktig gjeld	586 796	407 542
SUM KONTANTSTRAUM FINANSIERING	-40 499 598	2 480 029
NETTO KONTANTSTRAUM GJENNOM ÅRET	-33 072 911	4 322 422
Likviditetsbeholdning 01.01.	85 653 706	81 331 284
Likviditetsbeholdning 31.12.	52 580 795	85 653 706
Endring likviditetsbeholdning	-33 072 911	4 322 422
FAKTIK LIKVIDITETSBEHALDNING 31.12.	52 580 795	85 653 706

Notar

NOTE 1 – REKNESKAPS PRINSIPP

Årsrekneskap 2013 er sett opp i samsvar med rekneskapsloven, god rekneskapsskikk og forskrifter om rekneskapsføring. Det er i 2013 gjort ei prinsippendring for balanseføring av bygg finansiert av offentlege tilskot. Ein har teke inn bokført verdi av bygningane pr 01.01.13 i balansen og tilsvarende verdi av øyremerka prosjektmiddel på gjeldssida. Bygget vert avskrive over levetida, estimert til 50 år, og prosjektmidlane vert inntektsført med tilsvarende beløp kvart år.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld er postar som forfell innan eit år etter innkjøpstidspunktet, og postar som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmiddel er vurdert til det lågaste av anskaffingskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på tidspunktet for opptak. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffingskostnad. Ved varig verdifall vil anleggsmiddel bli nedskrivne til verkeleg verdi. Langsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Vedlikehald

Kostnader til vedlikehald blir ført fortløpende. Oppgradering skal vurderast som investering og aktiverast.

NOTE 2 – TILSKOT TIL DRIFTA

	2013	2012
Kulturdepartementet KUD	15 801 00	15 264 000
Kystverket FKD	1 075 000	1 041 666
Rogaland fylkeskommune	7 400 000	6 860 000
Kontingent frå stiftarkommunar	2 387 978	2 309 483
Vertskommunetilskot frå kommunar	8 471 482	8 174 061
Forskningsrådet, vitensenterdrift KD	4 950 000	3 700 000
Sum tilskot	40 085 460	37 349 210

NOTE 3 – ØYREMERKA TILSKOT PROSJEKT

	2013	2012
Næringslivet/bedrifter	6 891 326	7 674 656
Kulturdepartementet (KUD)	5 137 000	1 040 000
Kystverket (FKD)	400 000	275 000
Forskningsrådet (KD)	157 000	442 683
Statens Landbruksforvalting (LMD)	6 500	236 000
Rogaland fylkeskommune	2 581 500	870 783
Kommunar	278 633	699 537
Private gåver	27 707	209 280
Renteinntekter	577 733	766 149
16 057 399	12 214 088	

Overførte prosjektmiddel

Tilskot 2012	16 057 399	12 214 088
Bruk 2012	12 187 663	10 141 602
Ubrukte tilskot	3 869 736	2 072 486

IB 2013:

Bygg Vitengarden 01.01.13	255 188	255 188
Øyremerka tilskot 01.01.13	58 416 190	66 343 704
SUM IB 01.01.13	68 671 378	66 598 892
Balanseført byggetrinn I og II Vitengarden	25 001 640	
oppgjer byggetrinn I Vitenfabrikken	- 44 901 658	
Overført forskottert prosjekt	- 54 472	
Ubrukte tilskot 2013	3 869 736	2 072 486
Overført til 2014	52 586 624	68 671 378
Bygg Vitengarden 31.12.13	24 566 995	
Øyremerka tilskot 31.12.13	28 019 629	

Notar

NOTE 4 – ANDRE INNTEKTER

2013

Refusjon diverse utlegg	381 842
Kundeutbytte	92 977
Oppdrag/kurs	80 990
Erstatning forsikringsoppgjer	39 180
Arbeidspraksis NAV	36 772
Jordbruksinntekt	35 863
Stipend	14 967
Diverse	23 685
Totalt	706 276

NOTE 5 – TILSETTE OG GODTGJERSLER

2013

2012

Spesifikasjon personalkostnader

Lønskostnader	25 936 983	23 931 354
Honorar	162 700	91 845
Arbeidsgjeveravgift	3 638 511	3 404 030
Pensjonskostnader	3 976 842	3 797 655
Personalforsikring	287 859	308 089
Andre personalkostnader	237 020	269 841
Totalt	34 239 915	31 802 814

Løn til dagleg leiar utgjorde kr. 800.000. Honorar til styreleiar kr. 50.000.

Det er ikkje gitt lån eller stilt sikkerheit for lån til direktør, styremedlemmar eller tilsette i stiftinga.

Spesifikasjon av pensjon

Stiftinga Jærmuseet sitt pensjonsansvar er dekka med tenestepensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse KLP. Ordninga er i samsvar med krav om tariffesta tenestepensjon. Pensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda si yting, gir ein samla bruttopensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Ordninga sikrar uførepensjon på same nivå, og omfattar ektefellepensjon og barnepensjon. Tilsette har rett til AFP.

Tal for pensjonskostnad og pensjonsforpliktelse iflg. NRS-berekning 2012 KLP:

Medlemsstatus:	2013	2012
Tal aktive	95	56
Tal oppsette	37	37
Tal pensjonar	10	8
Gj.sn.pensjonsgr.lag	250 398	387 754
Gj.sn.alder	36,05	44,51
Gj.sn. tenestetid	5,01	7,30
Forventa gjenståande tenestetid, aktive	9,65	10,58
Netto pensjonskostnader	2013	2012
Opptering	3 446 388	3 338 295
Rentekostnad	1 081 536	898 200
Brt. pensjonskostnad	4 527 924	4 236 495
Forventa avkastning	- 753 538	-641 773
Adm.kostn/rentegaranti	159 217	135 439
Nto. pensjonskostnad	3 933 603	3 730 161
Resultatført planendring		
Arb.gj.avg. nto. pensj.kostnad inkl adm.kost	554 638	525 953
Estimatavvik inkl. arb.g.avg.		
Nto. Pensjonskostnader	4 488 241	4 256 114

Notar

framhald NOTE 5 – TILSETTE OG GODTGJERSLER

Pensjonsskyldnad	2013	2012
Påløpne pensjonsskyldnader	30 262 253	22 403 925
Pensjonsmiddel	19 991 418	17 307 847
Nto. skyldnad før arb.g.avg.	10 270 835	5 096 078
Arb.gjevaravgift	1 448 188	718 547
Nto. skyldnad inkl arb.g.avg.	11 719 023	5 814 625
Estimatavvik	- 4 756 050	-95 575
Estimatavvik arb.g.avg.	-670 602	-13 475
Netto pensjonsmiddel/-skyldnad inkl. arb.g.avgift	6 292 371	5 705 575

Grunnlag for utrekningar	2013	2012
Diskonteringsrente	4,00 %	4,20 %
Forventa lønsvekst	3,75 %	3,50 %
Vekst grunnbeløp folketrygd	3,50 %	3,25 %
Forventa pensjonsregulering	2,72 %	2,48 %
Forventa avkastning fondsmiddel	4,40 %	4,00 %

NOTE 6 – VARIGE DRIFTSMIDDEL

Jærmuseet har næringslivsforsikring med dekning for skade på publikum, egedeler og driftstap. Våre bygg er fullverdiforsikra. Premiegrunnlag for hovudbygget på Nærø er kr. 86 344 427. For våre andre eideommar var premiegrunnlaget i 2013 totalt kr. 17 468 593.

BYGNINGAR			
	Trinn 1	Trinn 2	Sum
Bokført 01.01.13	12 217 866	12 783 774	25 001 640
Tilgang 2013	370 239	319 594	689 833
Kostpris 31.12.13	18 511 918	15 979 718	34 491 636
Tot.nedskr. pr. 31.12.13	11 847 627	12 464 180	24 311 807

Varige driftsmiddel i tabellen over er hovudsakleg finansierte med offentlege tilskot. Me har i 2013 gjort ei prinsippendring for balanseføring av bygget på Vitengarden ref. note 1. Bygget er pr. 01.01.2013 balanseført med berekna nedskrivne verdi, basert på 50 års avskriving og opprinneleg kostpris.

Eigedom som er finansiert med offentlege middel kan ikkje danna grunnlag for pant til lån utan samtykke frå Kulturdepartementet. Den kan heller ikkje omsetjast i den vanlege eigedomsmarknaden.

	Inventar/ utstyr	EDB-utstyr/ system	Transport- middel	Bygg og anlegg	Sum
Bokført 01.01.13	1 757 032	153 322	545 633	221 163	2 677 150
Tilgang 2013	150 746	224 600	60 000		435 346
Avgang 2013				27 094	27 094
Ord. avskriving	392 863	150 727	127 723	114 882	786 195
Bokført 31.12.13	1 514 915	227 195	477 910	79 187	2 299 207

Jærmuseet nyttar kr 50.000,- som nedre beløpsgrense ved vurdering av balanseføring kontra resultatføring av varige driftsmiddel. Det vert nytta lineær avskriving.

Notar

NOTE 7 – KJØPTE TENESTER

Resepsjonsteneste Garborgsenteret	350 484
Arkitektenester prosjekter	241 810
Inn leid arbeidskraft Science Circus	208 800
Vakthald/guiding temamuseum	93 829
Rekneskap- og revisjonshonorar	81 000
Organisasjonskonsulent	60 619
Konsulent administrative system	56 084
Postbod	43 923
Leigearbeid jordbruk	23 515
Prosjektfinanserte tenester	6 120
Diverse tenester	31 415
	1 258 947

Godtgjersle til revisor:

Av totalt kr. 81.000,- er rekneskapsrevisjon kr. 79.875,- resten gjeld attestering og rådgjeving.

NOTE 8 – ANDRE DRIFTSKOSTNADER

Publikasjonar/dokumentasjon	164 662
Møteutgifter/representasjon/gåver	180 404
Utlegg med refusjon	267 170
Kontingentar	161 509
Kostnader gardsdrift	51 316
Renter, gebyr valuta	71 441
Tap ved sal av anlegg	27 094
Tap ved fordringar	4 291
	927 887

NOTE 9 – VARELAGER

Varelageret som består av ferdigvarer, er oppalt pr. 31.12.2013 og verdien er vurdert til inntakskost.

NOTE 10 – BUNDNE MIDDEL

Av totale bankinnskot på kr.52.539.287,- utgjer kr.1.137.102,- bundne skattetrekksmiddel, ubrukete middel byggesteg 1 kr. 255.188,-, byggesteg 1 VF kr. 3.215.199,- og byggesteg 2 VF kr. 4.649.321,-. Vidare er det kr. 20.155.109,- i bundne middel øyremerka konkrete prosjekt.

NOTE 11 – EIGENKAPITAL

Kr. 3.577.213,- av eigenkapitalen er sett på eigen konto og merka framtidig vedlikehald. Kr. 900.000,- er sett av til prosjekt.



Vår saksbehandler:
Cicel T. Aarrestad

Vår dato:
20.02.2014

Vår referanse:
Side:
1 av 2

Til styret i Stiftinga Jærmuseet

REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Stiftinga Jærmuseet som viser et overskudd på kr 3 569 358. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2013, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne dato, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisionsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningsene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftelsens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet, avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Stiftinga Jærmuseet per 31. desember 2013 og av resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret som ble avsluttet per denne dato i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Postadresse:
Lagårdsvøien 78
4010 STAVANGER

Besøksadresse:
Samme:
Epostadresse:
post@Rogaland-Revisjon.no

Telefon:
40 00 52 00
Telefax:
51 53 40 03

Bankkonto:
3201 35 38262

Organisasjonsnr:
NO 887 052 832 MVA

**Uttalelser om øvrige forhold***Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnaksopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge,


Konklusjon om utdelinger og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener vi at stiftelsen er forvaltet og utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtekten for øvrig.

Stavanger, 20.02.2014
Rogaland Revisjon IKS

A handwritten signature in blue ink that reads "Cicel T. Aarrestad".

Cicel T. Aarrestad
Revisjondirektør/
statsautorisert revisor



BILDETEKST – FRAMSIDE

- [1] Barnehagar og skular tok godt imot H.K.H. Kronprins Haakon då han var med på opninga av utstillinga av kongelege køyretøy på Vitengarden.
Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet
- [2] Fredsbilen var del av utstillinga «Kongelege kjøretøy 1905-1945. Fra Berliner til Buick» på Vitengarden. Foto: Tormod Aas, Jærmuseet
- [3] Handverkar Ted Jonny Taraldsen er på Grødaland og tjørebriier Torehuset. Foto: Ingeborg N. Skjærpe, Jærmuseet
- [4] Tesla-coilen er hovudattraksjonen i utstillinga 100% Energi på Vitenfabrikken. Foto: Lasse Øglænd
- [5] I utstillinga «Det ska svara seg» på Vitenfabrikken er det stor aktivitet i Sandnes hamn der hamnearbeidarar lossar ein konteinar med Turi-design. Foto: Jan Inge Haga



BILDETEKST – BAKSIDE

- [1] Under treskedagane på Vistnestunet var Gammeltraktorens venner til stades og fekk vist fram dei flotte traktorane sine. Foto: Jærmuseet
- [2] Planane om eit Maritim Vitensenter ved Tungenes fyr held fram, og i 2013 kjøpte Randaberg kommune tomta til vitensenteret.

Stiftinga Jærmuseet er regionalt vitensenter for Sørvestlandet og regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.

- møtestad mellom natur, kultur og teknologi



- 1 VITENFABRIKKEN
- 2 VITENGARDEN
- 3 GARBORGSENTERET
- 4 GARBORGHEIMEN
- 5 KNUDAHEIO
- 6 TUNGENES FYR
- 7 FLYHISTORISK MUSEUM SOLA
- 8 GRØDALAND
- 9 VISTNESTUNET
- 10 HAUGABAKKA
- 11 LIMAGARDEN
- 12 KRIGSHISTORISK MUSEUM
- 13 VARDEN SJØREDNINGSMUSEUM
- 14 HÅ GAMLE PRESTEGARD, www.ha.kommune.no

JÆRMUSEET sitt hovedkontor ligg på Vitengarden, Nærø. Besøksadresse hovedkontor: Kvavegen 99, Kvía, Nærø Postadresse: Postboks 250, 4367 Nærø Sentralbord: 47 77 60 20 Epost: post@jaermuseet.no

www.jaermuseet.no

